

KJÆRE ARBEIDSGJEVAR

Elevrådet ved Stord VGS har valt Comalapa-prosjektet tema på solidaritetsdagen den 8. februar. På denne dagen skal elevane ut og arbeide på forskjellige vis for å tene inn pengar. Comalapa i Guatemala er Stord sin vennskapskommune, og pengane elevane samlar inn, skal gå til utdanningsstipend til ungdom.

Me håpar de tek positivt imot elevar som ber om jobb denne dagen.

Med helsing elevrådet ved Stord VGS.

Elevane ved
Stord VGS
arrangerer
solidaritetsdag.

Pengane går til
utdanning for born og
unge i Comalapa,
Guatemala.

Ta kontakt med
skulen om du har
arbeidsoppgåver du
treng ei
hjelpande hand til.

Minsteløn per dagsverk
er 200 kroner.

Set pengar til Comalapa
inn på konto
3637.31.39615
Oppgje elevnamn
og klasse
i meldingsfeltet.

post.stv@hfk.no
57 30 79 00

Solidaritetsdag Torsdag 8. februar 2018



*Arbeid til inntekt for utdanning
for unge i
Comalapa, Guatemala*

Vekst og utvikling for alle!



GUATEMALA

Ligg i Mellomamerika.

16,7 millionar innbyggjarar.

Hovudstad: Guatemala City.

Etter borgarkrigens slutt i 1996 har vald, korrupsjon og gjengkriminalitet vore eit stort samfunnsproblem.

Guatemala har Mellom-Amerikas sterkaste økonomi, men berre ein liten del av befolkninga har tilgang til rikdommen.

Spansk er offisielt språk, og er morsmålet til ca 60% av befolkninga. 40% høyrer til ulike urfolkgrupper, som har 23 ulike språk. Dei fleste er katolikkar, men her er òg tradisjonell mayareligion og protestantisme.

Styreform: Republikk, med demokratisk vald president.

Comalapa er Stord Kommune sin venskapsby i Guatemala. Dei to kommunane har samarbeidd sidan 1989

COMALAPA

- ♦ Ca 35 000 innbyggjarar.
- ♦ Ca 2 000 m.o.h.
- ♦ 95% av befolkninga er etterkommarar av mayaer.
- ♦ Sysselsetting: Jordbruk i liten skala, og småhandel.
- ♦ Stor fattigdom, særlig i dei omkringliggjande landsbyane.
- ♦ Høg grad av analfabetisme.
- ♦ Mange sluttar etter 3—4 års skulegang fordi dei må hjelpe familien heime.
- ♦ Jenter blir sist prioritert når det gjeld skule.
- ♦ Lita eller inga hjelp frå staten.
- ♦ Store etterverknader etter 36 år med borgarkrig.

ADEPAZ

Adepaz er ein foreldedreven organisasjon som arbeider for at fattige barn og unge skal få høve til utdanning. Organisasjonen er idealistisk, ikkje-statleg og politisk uavhengig. ADEPAZ garanterer for god fordeling og trygg bruk av pengane som blir samla inn ved solidaritetsaksjonen ved Stord VGS.



FORSLAG TIL ARBEID

- ♦ Kakesal
- ♦ Loppemarknad
- ♦ Basar
- ♦ Veldedighetsløp
- ♦ Loddsal
- ♦ Småjobbar for naboar, besteforeldre etc.
- ♦ Hus og hage
- ♦ Bilvask
- ♦ Barnevakt
- ♦ Hundelufting

Sett pengar til Comalapa inn på kontonr. **3637.31.39615**. Hugs å oppgje elevnamn og klasse i meldingsfeltet.

